



Iherdig dugnadsgjeng skruvar saman bod og stolar: Gunnar Myklebust (lengst inne), Janne Olsson, Reidar Myklebust og Arne Terje Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frammøtet var bra då leiinga i Uskedalen Utvikling kalla inn til dugnadsinnsats i Gamleskulen laurdag føremiddag. Oppgava var å skruva saman dei innkjøpta borda og stolane som kjem til erstatning for lånte møblar.

Det er ikkje problematisk å be folk om å ta eit tak for Gamleskulen.



Leiar i UU Gunnar Myklebust skruvar saman stolar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

12 bord og 48 stolar har kosta 22.500 kroner. Frå kommunen har UU fått eit bidrag på 10.000 kroner til føremålet medan 12.500 er dekkja av utlodninga som dei iherdige 'TI-aren-damene' gjennomførte ved juletider.

- Det var ikkje så mange som slapp unna oss da, skrattar Berit Harriet Døssland i dugnadsgjengen.

Det neste som skal gjerast er å få på plass ei innkjøpt oppvaskmaskin og organisera kjøkenopplegget betre. Maskina er også innkjøpt for kommunale midlar.

- Når dette er gjort har vi kome godt på tur, seier leiar i UU Gunnar Myklebust til uskedalen.no. medan han skruvar saman stolar.

Av Ola Matti Mathisen